



Arkivnr: 2014/1323-7  
Saksbehandlar: Arthur Kristian Arnesen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.08.2014

## Revisjon av mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum

### Samandrag

Mandat og samansetnad for Regionalt næringsforum har ikkje vore vurdert på mange år. Med ny regional næringsplan og tilhøyrande handlingsprogram er det no naturleg å sjå på dette.

Regionalt næringsforum har gjennomført ein prosess kor dei har kome med forslag til revidert mandat og justeringar av samansetnaden av forumet.

Mandatet er revidert for å få ein tettare kopling opp mot næringsplanen.

Det blir foreslått å redusere talet på medlemmer i forumet frå 15 til 13, samstundes som det blir foreslått at tre nye medlemmar får observatørstatus.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar det framlagte forslaget til Mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum. Ny samansetnad gjeld frå 1. desember 2014.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.08.2014

### Innleiing

Regionalt næringsforum (RNF) er eit sær s viktig samarbeidsforum for næringsutvikling i Hordaland. Forumet har ein viktig rolle i næringsutviklingsarbeidet i fylket og har ei særskilt rolle som rådgivar i næringsutviklingssaker for politisk leiing i fylkeskommunen og som overordna styringsgruppe for forvaltning av regionale utviklingsmidlar.

Fylkeskommunen mottar årleg betydelege beløp over statsbudsjettet (Kap 551) til regional næringsutvikling. I den samanheng er fylkeskommunen pålagt å etablere ein «regional partnerskap» (eller fleire) og sikre god forankring av fylkeskommunen sine prioriteringar i denne regionale partnerskapen. Som aktuelle deltakarar i slike partnerskap nemnar departementet mellom anna kommunar, næringsliv, virkemiddelaktørar, private organisasjonar, FoU- og utdanningsinstitusjonar med fleire. RNF fyller rolla som den regional partnerskapen i Hordaland.

Mandatet for RNF har vore uendra i ei årrekke. Med unntak av at to representantar frå fylkesutvalet kom inn i RNF i 2006 har også samansetnaden vore uendra i heile perioden. Frå tid til annan kjem det førespurnadar og synspunkt på nye deltakarar i RNF. Dei siste par åra har fylkeskommunen har fylkeskommunen fått førespurnad frå Næringsalliansen og frå Høgskulen i Bergen om å bli med i RNF.

I juni 2013 blei ny Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 vedtatt og i februar i år får fylkeskommunen eit nytt «Handlingsprogram for næringsutvikling» (HNN 2014) som erstattar Regionalt utviklingsprogram (RUP). Fylkesrådmannen har sett det som naturleg at det noverande RNF har følgd begge desse prosessane ferdig. Når næringsplanen og handlingsprogrammet er vedtatt i februar i år, var det difor naturleg også å sjå på Regionalt næringsforum.

### Prosess

På sitt møte 4. februar diskuterte RNF behovet for revisjon av mandat og samansetnad. På møtet blei det konkludert med at medlemmane meiner RNF er eit viktig og nyttig forum for dei. Medlemmane var også positiv til å sette mandat og samansetnad av RNF på dagsorden. For å fremme eit konkret forslag til revidert mandat og samansetnad til neste møte, blei et sett ned eit utval. Utvalet skulle også sjå på samansetnaden i andre fylke.

Arbeidsutvalet hadde gikk gjennom informasjon om korleis tilsvarende forum var sett saman i andre fylke som Rogaland, Møre og Romsdal, Sør Trøndelag og Oslo/Akershus. I alle fylke var IN, NHO og LO med. Dei fleste hadde også med aktørar som Fylkesmannen, universitet/høgskule, NAV og NFR: Elles varierte både samansetnaden og arbeidsform mykje frå fylke til fylke. Konklusjonen var difor at Hordaland må finne si eige form på dette.

Utvalet la fram eit forslag til revidering av mandat og samansetnad til det neste møtet i RNF 2. april. Her blei utvalet sine forslag diskutert og det blei gjort slikt vedtak.

*«RNF tilrår nytt mandat og samansetnad slik utvalet tilrår og md dei innspela som kom fram i møtet.»*

Noverande mandat og samansetnad for RNF ligger på fylkeskommunen sine nettsider, [her](#). Nedanfor er forslag til endringar i mandat og samansetnad kommentert og oppdatert versjon av mandatet følgjer som vedlegg til saka.

### Justering av mandat

RNF konkluderte med at det ikkje er behov for ein gjennomgripande omskriving av mandatet, men heller ein justering og omskriving med ein tettare kopling opp mot Regional næringsplan. Under følgjer nokre korte kommentarar til dei einskilde avsnitta i mandatet med forslag til endringar. Sjølve endringa er lagt inn forslaget til revidert mandat som er lagt ved.

Mål:

Når fylkeskommunen no har fått ein ny næringsplan er det naturleg å relatere målet til denne. Vidare er det skreve inn ei setning som slår fast RNF si rolle som regional partnerskap.

#### Strategiar.

Avsnittet er gjort om slik at hovudstrategiane i næringsplanen også blir hovudstrategiar for RNF. Vidare får RNF eit særleg ansvar for den 4. hovudstrategien i næringsplanen om «Enno betre samarbeid for gjennomføring av planen». Andre avsnitt er henta frå denne.

#### Samarbeid.

Dette avsnittet er berre redigert i eit forsøk på å gjere teksten kortare og meir konkret.

#### Mynde.

I tråd med prioriteringane i næringsplanen er «næringsretta infrastruktur inkludert samferdsel» og «kompetanseutvikling» lagt til.

#### Oppgåver.

Lista med oppgåver er skreve litt om og det er forsøkt å kutte ned på teksten. I tillegg til å vere overordna styringsgruppe for handlingsprogrammet (tidlegare RUP), har RNF og ei rolle i høve til andre program i fylkeskommunen som kompensasjonsmidlane og VRI.

#### Ressursar.

Budsjettposten «til disposisjon for RNF» blei tatt ut av RUP budsjettet for fleire år sida då den i svært liten grad blei nytta til konkret prosjektfinansiering. Konkrete prosjekt eller tiltak som RNF tar initiativet til, kan finansierast over dei ordinære budsjettpostane i handlingsprogrammet.

#### **Vurdering av samansetting.**

I prosessen er ulike sider ved samansetnaden av RNF diskutert . Samansetnaden slik den er i dag er gjennomgått og RNF fremmer eit nytt forslag til samansetnad. Nokre av dei mest sentrale punkta som blei drøfta og som ligg til grunn for forslaget til ny samansetnad er:

1. Skal RNF fungere som ein forum er det viktig at talet på deltakarar ikkje aukar. Om mogleg bør det heller reduserast noko. Dette for å oppretthalde og vidareutvikle den gode dialogen i forumet.
2. Deltakarane i forumet bør primært ha eit mandat/geografisk fokus som inkluderer heile Hordaland. Med unntak av Bergen kommune, bør ein vere tilbakehalden med aktørar med ei «smalare» geografisk fokus.
3. RNF bør i størst mogleg grad reindyrkast som eit administrativt forum, kor dei deltakande organisasjonane er representert med dagleg leiar og ikkje med styreleiar eller politisk representant. Alternativt kan aktøren vere representert av den som har det overordna ansvaret for næringsutvikling.
4. RNF er eit sjølvstendig rådgivande forum for politiske organ i fylkeskommunen, særleg for fylkesutvalet som også har rolla som næringsutval. RNF vil difor tilrå at det her blir gjort eit unntak frå punkt 3 over og at politisk deltaking frå fylkesutvalet blir vidareført som i dag.
5. Totalt sett er fylkeskommunen relativt tungt representert i RNF i dag. I tillegg til dei to politikarane frå fylkesutvalet, er det med tre representantar frå administrativt nivå, nemleg fylkesdirektør regional utvikling (leiar), fylkesdirektør opplæring og næringssjef. I tillegg har det vore foreslått at fylkesdirektør samferdsel skal bli med i RNF. Utvalet vil tilrå at berre dei som har direkte ansvar for næringsutvikling, nemleg fylkesdirektør regional utvikling og næringssjef blir faste medlemmer. Fylkesdirektør opplæring og fylkesdirektør samferdsel blir invitert som observatør når RNF diskuterer saker som er relevant for deira fagområde.
6. I kraft av sin status som ein motor i fylket, er det naturleg at Bergen kommune deltar i RNF med ansvarleg administrativ leiar for næringsutvikling. RNF ser det slik at dei andre kommunane er representert gjennom KS. RNF vil tilrå at KS blir representert av administrativ leiding slik tilfelle er for dei andre aktørane.
7. Det er ikkje naturleg å la nokre av regionane/regionråda i Hordaland vere med, utan at ein i så fall opnar for alle, noko som vil utvide talet med medlemmer i RNF monaleg. RNF vil difor tilrå at ein

- ikkje opnar for representasjon frå regionale aktørar, men nøyer seg med representasjon gjennom KS.
8. RNF ser det ikkje som naturleg at nokre bransjar er representert i RNF, medan andre ikkje er det. Særleg gjelder det no etter at bransjefokuset er tona ned i den nye næringsplanen til fordel for sektorovergripande satsingar. Sjølv om Fiskeridirektoratet, Region Vest ikkje er ein bransjeorganisasjon, men er forvaltningsorgan, vil RNF tilrå at dei ikkje lengre blir fast medlem av RNF.
  9. Fylkesmannen i Hordaland bør vere med i RNF og det vil vere opp til ham å bestemme kven som skal delta frå fylkesmannsembetet. Det kan vere landbruksdirektøren, men vedkommande møter då med eit breiare «mandat» enn berre landbruk.
  10. Det har vore fremma forslag om at Bergen Næringsråd/Næringsalliansen bør bli med i RNF. Næringslivet er godt og balansert representert gjennom NHO og LO og ser ikkje at andre næringsaktørar har det same fylkesovergripande perspektivet som desse.
  11. Akademia bør vere representert i RNF og har til noe vore ivaretatt ved at UiB har vore medlem. Sjølv om det er fremma ønske om at HiB og eventuelt NHH, også blir med, har UiB ein så dominerande plass innan forskning og utdanning at det er naturleg at dei fortsatt representerer akademia. Samtidig ser RNF ein klar fordel med å få ein nærare kontakt også med HiB. Det blir difor tilrådd at også HiB får status som observatør når det er saker av særleg interesse eller viktighet for dei.
  12. Det er også diskutert korleis Forskingsrådet (NFR) og/eller RFF Vestlandet skal delta i RNF. Forskingsrådet har nylig vedtatt en regional forskingsstrategi og den nye regjeringa har signalisert auka satsing på forskning. Hordaland har også eit stort behov for å få opp forskingsaktiviteten i bedriftene. Forskingsrådet sin regionale representant deltek også i arbeidet til RFF Vestlandet. Ut frå ei samla vurdering vil difor RNF tilrå at NFR blir med vidare med sin regionale representant.
  13. Utvalet tilrår at IN og NAV held fram i RNF som i dag.

Med dette som grunnlag er forslag til ny samansetnad lagt inn i det vedlagte forslaget til retningslinjer og samansetnad i RNF. Talet på medlemmer er foreslått redusert frå 15 til 13 personer, medan det er foreslått tre aktørar med observatørstatus.

#### **Vurdering:**

Etter at fylkeskommunen no har vedtatt ny næringsplan med tilhøyrande handlingsprogram var det eit klart behov for å sjå på mandat og samansetnad av RNF. Fylkesrådmannen meiner forslaga til endringar og justeringar av mandatet er naturlege og godt grunnjevne.

Når det gjeld endring av samansetnaden, vil fylkesrådmannen fyst av alt slå fast at ei endring i RNF ikkje har noko å gjere med deltaking og innsats til nokon av dei noverande medlemmane i RNF. Fylkeskommunen er særst godt nøgd med arbeid, innsats og energi som alle har lagt ned. Utan denne innsatsen og den høge prioriteringa RNF har hatt i timeplanane til den einskilde, hadde ikkje dette blitt nokon fruktbar partnerskap. Det aller viktigaste er difor å bygge vidare på dette.

Samstundes kjem vi ikkje utanom også å vurdere samansetnaden av RNF, som har vore uendra sidan oppstart. RNF har gjennomgått ei rekke problemstillingar som det er naturleg å diskutere i ein slik samanheng. Samla sett meiner fylkesrådmannen at RNF har kome med eit balansert og godt forslag til framtidig samansetnad av RNF.

RNF har satt opp ein møteplan for hausten med eit møte i september, ein utanlandsreise i november og eit møte i desember. For å få tid til å tilpasse ny samansetnad, vil eg tilrå at denne gjerast gjeldande frå desember 2014.

Fylkesrådmannen vil difor tilrå at fylkesutvalet vedtar det RNF sitt forslag til revisjon av Mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum.

## Vedlegg.

### Mandat og samansetting av Regionalt Næringsforum (utkast til fylkesutvalet) vedtatt av fylkesutvalet **xxxx**

#### Mål

Regionalt Næringsforum (RNF) er ein partnerskap for samordna innsats for å fremje næringsutvikling i Hordaland i tråd med mål og strategiar i Regional næringsplan for Hordaland 2013 - 2017. RNF er også den regionale partnerskapen i Hordaland knytt til forvaltning av øyremerka statlege midlar til regional næringsutvikling.

#### Strategiar

Hovudstrategiane for RNF sitt arbeid skal vere dei tre hovudstrategiane i næringsplanen:

- ✓ Meir entreprenørskap og innovasjon
- ✓ Fleire med meir relevant kompetanse
- ✓ Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter

RNF skal ha fokus på koordinert og effektiv utnytting av offentlege ressursar til næringsutvikling herunder eit særskilt fokus på næringsplanen sin ambisjon om å få til eit enno betre samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av planen.

#### Samarbeid

Deltakarane i Regionalt Næringsforum skal gjennom eit forpliktande samarbeid medverke til:

- ✓ Å sette dagsorden og utvikle strategiar for ei samordna næringsutvikling.
- ✓ Ei betre koordinering av verkemiddelbruken.
- ✓ Ta initiativ til forsøk med ny verkemiddelbruk, andre organisasjonsformer og/eller arbeidsmåtar.
- ✓ Samordning av det strategiske planarbeidet for næringsutvikling i fylket.
- ✓ Å vidareutvikle Regionalt Næringsforum som ein arena for regional næringsutvikling.

#### Mynde

Regionalt Næringsforum har ein sjølvstendig rådgjevande funksjon overfor politiske utval i spørsmål om næringsutvikling, arbeidsmarknad, næringsretta infrastruktur inkludert samferdsel og utdanning/kompetanseutvikling.

#### Oppgåver

Regionalt Næringsforum skal mellom anna:

- ✓ Ta initiativ til tiltak og satsingar for å fremje næringsutvikling
- ✓ Vere overordna styringsgruppe for utarbeiding/revisjon av «Handlingsprogram for næringsutvikling» og andre næringsretta program etter vedtak i fylkeskommunen.
- ✓ Følgje opp dei årlege handlingsprogramma kor RNF er tildelt ei rolle og ta initiativ til prosjekt/tiltak for å sikre ei god og treffsikker gjennomføring
- ✓ Ta initiativ til utgreiingar / evalueringar med sikte på betre samordning av ressursbruken knytt til næringsutvikling
- ✓ Informere om, og diskutere viktige ad-hoc saker som har relevans for næringsutvikling og sysselsetting i fylket.

#### Ressursar

Hordaland fylkeskommune finansierer sjølve drifta av Regionalt Næringsforum.

Dei viktigaste økonomiske verkemidlane fylkeskommunen rår over til regional næringsutvikling er knytt til budsjettet i det årlege handlingsprogrammet til næringsplanen og kjem dels frå statlege overføringar og dels frå fylkeskommunen sitt eige budsjett. Organisasjonane som deltar i RNF, bidreg elles med ressursar til felles tiltak og satsingar etter nærare avtale.

## **Sekretariat**

Hordaland fylkeskommune held sekretariat for Regionalt Næringsforum.

## **Samansetting**

Regionalt Næringsforum i Hordaland har frå xxxxxxxx slik samansetting:

- Fylkesdirektør regional utvikling, Hordaland fylkeskommune - leiar
- Direktør, Innovasjon Norge i Hordaland
- Fylkesmannen i Hordaland, ved fylkesmann/landbruksdirektør
- Fylkesdirektør, NAV Hordaland
- Rektor, Universitetet i Bergen
- Regiondirektør, NHO Hordaland
- LO-sekretæren i Hordaland
- Regional representant Hordaland, Norges forskingsråd
- Direktør, Kommunenes Sentralforbund i Hordaland
- Næringssjef/ kommunaldirektør, Bergen kommune
- Næringssjef, Hordaland fylkeskommune
- 2 medlemmer frå Fylkesutvalet i Hordaland

I tillegg har følgjande observatørstatus og møter når det er saker av interesse:

- Fylkesdirektør samferdsel, Hordaland fylkeskommune
- Fylkesdirektør utdanning, Hordaland fylkeskommune
- Rektor, Høgskulen i Bergen